

Retningslinjer for bruk av kunstig intelligens (KI) i skulane i Fjord kommune

Formål

Språkmodellen KIKI er ei løysing utvikla av Avdeling for utvikling og digital innovasjon i Kristiansund kommune, i samarbeid med Digi Møre og Romsdal – Fagnettverk oppvekst.

KIKI er eit trygt alternativ til ulike kommersielle KI-tenester som allereie finst. Ved å ta i bruk denne tenesta får elevane våre likeverdig tilgang til å utforske kunstig intelligens og dei nye moglegheitene som dette fører med seg i opplæringa. Tenesta lagrar ikkje personopplysningar, og er tenkt brukt på mellomsteg og ungdomsskule.

Vi meiner det er viktig at skulane held seg oppdaterte og utforskar korleis utnytte denne teknologien på ein god og trygg måte. Vi vil at elevar og tilsette i skulane våre skal vere i stand til å kjenne att og kritisk vurdere innhald som er skapt av KI. Alle lærarar og skuleleiarar skal også vite kva KI er og korleis best nytte dette i opplæringa. Dei skal følgje Utdanningsdirektoratet sin råd og opplæring på området.

All bruk av kunstig intelligens i Fjord kommune skal følgje kommunen sin policy for bruk av kunstig intelligens (sjå vedlegg).

Vi har følgande retningslinjer for tilsette og elevar som gjeld særskilt bruk i skulen:

Retningslinjer for tilsette

Slik vil vi at skulane skal utforske og jobbe med KI:

- Alle lærarar skal gjennomføre Utdanningsdirektoratet si opplæring om kunstig intelligens og kjenn kommunen sin policy før dei tek i bruk KI i undervisninga.
- Skulen gir ut informasjon til føresette og heng opp plakat om god bruk av KI godt synleg for elevane. (Sjå desse i vedlegg)
- Test ut ulike typar KI-støtta undervisning og lær av erfaringane.
- Diskuter etiske, sosiale og juridiske spørsmål rundt KI saman med elevane og kollegaer.
- Del med kollegiet døme på god praksis for bruk av KI-verktøy i undervisninga.
- Undersøk korleis KI kan nyttast til å gi tilbakemeldingar på elevarbeid.
- Utforsk korleis elevane kan nyttiggjere seg av KI-genererte tilbakemeldingar i eigen læringsprosess.
- Bidra gjerne med opplæringsmateriell og ressursar som kan nyttast til å støtte skulen sitt fagnettverk og profesjonsfellesskap.
- Ver kritisk til det du les, ver obs på at det kan kome unøyaktig eller feil informasjon.
- Hugs at du er ansvarleg for KI-generert tekst som du sender ut eller publiserer.
- Gje opp kjelde når du nyttar KI-generert tekst, bilde, kode eller anna-
- Gi tydeleg rettleiing til elevane ved bruk av KI i undervisninga.
- Ha eit klart og definert mål med kvifor og korleis KI skal nyttast under planlegging og gjennomføring av undervisning.



Ver også merksam på følgande når du bruker KI:

- Del aldri personleg informasjon, som personopplysningar om kollegaer, elevar, føresette eller andre personar.
- Ikkje del sensitiv informasjon, som verksemdskritiske opplysningar. Det vil seie informasjon som ikkje er offentleg tilgjengeleg.
- Ikkje del brukarinformasjon, som informasjon om pålogging og passord.
- Sjekk alltid fakta, og ikkje stol blindt på informasjonen KI gir.
- KI kan aldri vere ei fullgod erstatning for lærar sitt profesjonelle skjønn. Bruk derfor ikkje KI som erstatning for eige vurderingsarbeid.

Retningslinjer for elevar

Munnleg arbeid

Anbefalt bruk av KI:

- Forslag til disposisjon eller måtar å formidle informasjon på.
- Sparringspartnar og hjelp til å svare ut spørsmål knytt til emnet ditt.

Ikkje anbefalt bruk av KI:

- Bruke KI som en erstatning for menneskelege samtalepartnarar.
- Repetere det KI har generert utan å forstå eller reflektere sjølv.

Finn og søk

Anbefalt bruk av KI:

- Finne fleire kjelder og ressursar som kan vere relevante.
- Hjelp til å tolke og forstå tekstar du finn på internett.
- Ver open og sei frå når du bruker innhald frå KI i eigne svar.

Ikkje anbefalt bruk av KI:

- Bruke KI som einaste kjelde.
- Stole på KI utan stadfesting frå andre kjelder.
- Bruke KI i eit svar/ein tekst utan å gje opp korleis du har brukt det.

Lesing og tekstarbeid

Anbefalt bruk av KI:

- Forklare og forenkle omgrep.
- Hjelp deg med å forstå ein tekst.
- Lage samandrag, gloselister og oppgåver basert på ein tekst.

Ikkje anbefalt bruk av KI:

- Overlate lesearbeidet til KI. Husk å lese teksten sjølv og prøve å forstå den på eigenhand.
- Stole blindt på det KI foreslår utan å tenke kritisk og analysere teksten sjølv.

Vurdering

Anbefalt bruk av KI:

- Lage øvingsoppgåver, spørsmål og eksempel som førebuing.
- Be KI stille spørsmål knytt til tema og få tips til studieteknikk.

Ikkje anbefalt bruk av KI:

- Bruke KI som erstatning for egen innsats og læring.
- Jukse ved å bruke KI til å svare for deg i vurderingssituasjonar.
- Bruke KI til å skrive tekstar til deg på førehand. Bruk heller tida på å sette deg inn i stoffet.



Skriftleg arbeid

Anbefalt bruk av KI:

- Kjelde til inspirasjon og idéar.
- Hjelp til korrekturlesing og forbetring av formulering, struktur, og/eller grammatikk.
- Råd til korleis du kan organisere tankar eller lage ein disposisjon.
- Hjelp til riktig kjeldetilvising.

Ikkje anbefalt bruk av KI:

- Leverer KI-generert innhald som eige arbeid er uakseptabelt.
- Stole utelukkande på KI for korrekturlesing og grammatikk.
- Erstatte tilbakemelding frå lærer med tilbakemelding frå KI.